

## **Styremøte 06/2020**

Tysdag 29.september kl. 09:30 i Klubbhuset

Desse deltok: Victor Kjøde, Jan Petter Venøy, Per Årvik og Ole Bosnes.

*På bakgrunn av ei hending med potensiale for alvorleg personskade, hasteinnkalte leiaren til styremøte. Styremedlem Arne Hjertnes var ikkje heime. Vara Jarle Hovden hadde ikkje høve å møte.*

### **Sak 1: Oppfølging av hending på brygge B måndag føremiddag**

Styret var på synfaring på bryggene. Mest tid vart brukt på brygge B. Eit medlem hadde dagen før hekta i straumkabler som lå tvers over flytebrygga. Vi så at straumkablane lå slik til at det kunne vere ein snublerisiko til stades.

Ulike forslag til korleis denne risikoen kunne fjernast vart drøfta. Fleire alternativ kunne vere aktuelle.

Å investere i fleire straumspøyer for plassering på austsida av bryggene vart vurdert. Denne løysinga ville bli kostbar. Forslag om kabelsbeskyttelse lagt over kablane på brygga eller kabelrøyr lagt under, vil vere godt nok til ein overkommeleg pris. Desse to forslaga blir det difor arbeid vidare med og styret tek sikte på å få ordna dette så snart som mogleg.

Under synfaringa vart det og klart at redningsstigane må ettersjåast, spesielt for å sjekke styrken i trinna. Nedste trinnet på stigen ved landgangen er øydelagd. Ny må settast på.

Møtet slutt!